



Hyllestad  
kommune

# Etiske retningsliner



# ETISKE RETNINGSLINER FOR TILSETTE OG FOLKEVALDE I HYLLESTAD KOMMUNE

## INNHOLD ..... FEIL! BOKMERKE ER IKKE DEFINERT.

FORORD .....	2
FORMÅL OG VIRKEOMRÅDE.....	3
GENERELT .....	3
LOJALITET.....	3
<b>DEI ETISKE RETNINGSLINENE .....</b>	<b>3</b>
MØTE MED BRUKARAR OG INNBYGGJARAR .....	3
HABILITET/MELDING OM INTERESSEKONFLIKT .....	4
FORBOD MOT GÅVER OG ANDRE FORDELAR I TENESTA .....	4
INNKJØP .....	4
AVSTÅ FRÅ KJØP AV SEKSUELLE TENESTER .....	4
FORTRUELEG OG KORREKT INFORMASJON, TEIEPLIKT .....	4
BRUK AV SOSIALE MEDIA .....	5
SÆRSKILT OM ALKOHOL .....	5
OPENHEIT .....	5
YTRINGSFRIDOM OG VARSLING .....	5
DISKRIMINERING, MOBBING, VALD OG TRUSLAR.....	5
LEIARANSVAR .....	5
PERSONLEG ANSVAR .....	6
KONTAKTPERSONAR.....	6

## Forord

Etikk i Hyllestad kommune handlar om at vi skal kunne stå for dei vala vi gjer i ulike situasjonar. Vil handlingane våre tolke å komme i det offentlege lys? Er det greit å lese om det på første sida i avisene neste dag? Kan eg til dømes ta i mot ein konsertbillett eller ei flaske vin frå ein nøgd innbyggjar? Kan eg leige inn naboen min til eit oppdrag? Kan eg forsvere at vi ikkje valde det billigaste hotellet på tenestereisa?

### Hyllestad kommune legg til grunn følgande forståing av god etikk:

- Etikk er å bruke mynde med varsemd og forstand.
- Etikk er å ha ein fri og uavhengig stilling i forhold til saker der ein har mynde.
- Etikk er ikkje å blande eigne og offentlege interesser.

Etiske reglar er hjelp til å handle riktig, men nokre situasjonar er vanskelegare enn andre. Difor har Hyllestad kommune utarbeidd etiske reglar for alle som jobbar for eller har verv i kommunen. Reglane skal syte for at vala våre ikkje skjer på bekostning av fellesskapet sitt beste og dei set standard for korleis vi utfører oppgåvane og verva våre på ein måte som gir innbyggjarane tillit til oss.

Lykke til!

*Kommunaleiinga og kommunestyret*



## **Formål og virkeområde**

Formålet med Hyllestad kommune sine etiske retningsliner er å sikre ein god etisk praksis og definere felles standarder for tilsette og folkevalde.

Målsettinga med dei etiske retningslinjene er å bevisstgjere alle folkevalde og tilsette i kommunen om trøng for etisk kvalitet på tenesteyting og myndeutøving for å sikre at innbyggjarane har tillit til kommunen. Folkevalde og tilsette i Hyllestad kommune skal oppstre redreleg, vere ærleg og open i all verksamhet, og overhalde teieplikta når lova pålegg oss det. Som forvaltarar av samfunnet sine fellesmidlar vert det stilt særskild høge krav til den einskilde tilsette sine etiske haldningar i oppgåvane ein utfører for kommunen.

### **Generelt**

Det er forventa at alle tilsette og folkevalde utøver god folkeskikk i sitt virke for kommunen. Verv og oppgåver skal utførast på ein slik måte at det ikkje skadar kommunen sitt omdøme og tillit hjå innbyggjarane.

Alle folkevalde og tilsette pliktar lojalt å overhalde dei lover, forskrifter, verdigrunnlag og reglement som er gjeldande for Hyllestad kommune. Dette betyr også at alle skal forholde seg lojalt til vedtak som er gjort, både politisk og administrativt.

### **Lojalitet**

Lojalitetsplikt er eit alminneleg kontraktsrettsleg prinsipp og det føl av arbeidsforholdet at det er ei gjensidig lojalitetsplikt mellom den tilsette og kommunen. Den tilsette pliktar å opptre i samsvar med kommunen sine interesser og arbeidsgjevar skal ivareta medarbeidarane sine interesser så langt det er mogleg.

Folkevalde og tilsette pliktar å følge dei rettslege og etiske reglane som gjeld for kommunen.

Alle tilsette pliktar lojalt å etterkomme pålegg frå overordna. Lojalitetsplikta medfører ikkje plikt til å følgje pålegg om å gjere noko ulovleg eller uetisk.

Tilsette og folkevalde skal ikkje sette seg i ein situasjon der ein føler press eller forplikting til å gjøre vurderingar ut over faglege og forretningsmessig. Tilsette må òg vere varsame med tiltak som kan mistyndast, både av media og av interessepartar. Tiltak som kan vere etisk tvilsame skal unngåast.

## **Dei etiske retningslinene**

### **Møte med brukarar og innbyggjarar**

Alle tilsette skal møte brukarar, innbyggjarar og kollegaer med respekt. Faglege kunnskapar og fagleg skjøn skal ligge til grunn i rådgjeving, utøving av mynde og tenesteyting. Samanblanding av tilsette og brukarane sine private interesser og økonomiske midlar skal ikkje forekomme.

#### Forvaltning av samfunnet sine fellesmidlar

Alle tilsette og folkevalde skal være seg bevisst at dei forvaltar samfunnet sine fellesmidlar på vegne av alle innbyggjarane i Hyllestad.

Alle tilsette og folkevalde pliktar å ta vare på kommunen sine ressursar på den mest økonomiske og rasionelle måten og medverke til at ressursane ikkje vert misbrukt, skada eller sløst vekk. For å nå oppsatte



mål på ein god og effektiv måte må det gjerast avvegningar mellom effektivitet og ressursbruk, grundigkeit, kvalitet og god forvaltingsskikk.

Tilsette eller andre skal ikkje ha personlege fordelar som kan påverke, eller vere eigna til å påverke handlingar, saksførebuing eller vedtak.

For bruk av kommunen sitt ikt-utstyr vert det vist til ikt-reglementet.

## **Habilitet/melding om interessekonflikt**

Alle som gjer vedtak og tilrettelegg for vedtak i Hyllestad kommune er bunde av forvaltingslova sine habilitetsreglar. Dersom personlege interesser kan påverke avgjørda i ei sak ein har fagleg ansvar for, eller andre med rimeleg grunn kan sjå dette som sannsynleg, skal saka leggast fram for overordna.

Tilsette har ei sjølvstendig plikt til å varsle overordna om inhabilitet slik at ein kan verte friteken frå vidare handsaming av saka. Tilsette skal ta opp eller varsle habilitetssaker med overordna.

Folkevalde skal på same måte ta opp habilitetsspørsmål med ordførarar.

## **Forbod mot gåver og andre fordelar i tenesta**

Tilsette og folkevalde må ikkje ta i mot gåver, provisjon, tenester eller andre ytingar som er eigna til, eller meint å skulle påverke den tilsette/folkevalde sine handlingar i tenesta.

Gåver av vesentlig verdi skal klarerast med kommunedirektøren før dei vert akseptert. Tilsette og folkevalde pliktar å gje avkall på gåver og testamentariske gåver frå brukarar av kommunen sine tenester, sjølv om gåva ikkje kan påverke tenesteytinga.

Dette gjeld likevel ikkje gåver av uvesentleg verdi, til dømes blomsterhelsingar, konfekt eller liknande i samanhengar der slik merksemrd er naturleg. Vanlegvis vert slike gåver delt med kollegaer (t.d. sette blomsterhelsingar eller konfekt fram i fellesareal).

Dersom ein kjem i ein situasjon der gåver må returneras, skal det følgje med melding som gjer greie for kommunen sine retningslinjer.

## **Innkjøp**

Dei som har mynde til å gjere innkjøp på vegne av kommunen skal vise god forretningsskikk, utan bindingar til nokon leverandør. Ein skal ha kunnskap om dei grunnleggande prisnippa i Lov om offentlige anskaffelser med forskrifter, m.a habilitet, likehandsaming, openheit og etterprøving av anbodsprosessar.

Kommunen sitt innkjøpsreglement og prosjektreglement skal følgjast.

Private innkjøp skal ikkje blandast med innkjøp til kommunen.

## **Avstå frå kjøp av seksuelle tenester**

Tilsette og folkevalde i Hyllestad kommune skal avstå frå kjøp av seksuelle tenester. Dette gjeld tilsette som er på tenestereise eller anna oppdrag i Noreg eller utlandet, og gjeld òg i fritida på slike oppdrag.

## **Forruleg og korrekt informasjon, teieplikt**

Tilsette og folkevalde er i tråd med forvalningslova § 13 – 13 f, samt eventuelle særlover, pålagt teieplikt.



Teieplikta gjeld òg etter at arbeidsforholdet er avslutta.

Forerulege opplysningar som vert mottekne i samband med tenesteforhold må respekterast og ikkje brukast til personleg vinning. All informasjon som vert gjeve i økonomiske forhold skal vere korrekt og påliteleg.

Teieplikta omfattar òg opplysningar om brukarar, kollegaer og leiarar. Det er viktig å ha eit bevisst forhold til kven, kva og korleis ein omtalar nokon på til dømes nettsamfunn som Facebook, Messenger-grupper med vidare.

## **Bruk av sosiale media**

Tilsette og folkevalde bør vere bevisste sine roller ved bruk av kommunikasjonskanalar som internett og sosiale medier.

## **Særskilt om alkohol**

Kommunen dekkar som hovudregel ikkje utgifter til alkohol til folkevalde, tilsette eller andre. I samband med særlege høgtidelege markeringar, ved særskilde representasjonsoppdrag og liknande, kan kommunen likevel dekke slike utgifter innafor eit rimeleg og nøkternt omfang. Tilsette og folkevalde skal vise måtehald med alkohol når ein representerer kommunen.

## **Openheit**

Hyllestad kommune skal praktisere openheit både mot innbyggjarar og innad i eigen organisasjon, og har ei generell aktiv informasjonsplikt. Offentlegheit og open diskusjon er ein forutsetnad for demokratiet. Det er ein samanheng mellom openheit, lojalitet og plikta til å rapportere om uheldige forhold i organisasjonen.

## **Ytringsfridom og varsling**

Ytringsfridom er ein grunnleggande menneskerett. Tilsette og folkevalde har same grunnleggande ytringsfridom, jf. Grunnlova § 100. Det gjelder òg områder som har tilknytning til den enkelte sin arbeidsstad. Kulturen i Hyllestad skal vere slik at open debatt og kritiske ytringar når fram til det nivået det skal i den interne sakshandsaminga.

Som alle andre borgrarar kan kommunen sine medarbeidarar delta i samfunnsdebatten og uttale seg på eigne vegne. Tilsette kan gje faktaopplysningar.

Kritikkverdige tilhøve bør takat opp, slik at tilhøva kan bedrast. Ved varsling skal tenesteveg vere første alternativ for løysing av ei sak, deretter tillitsapparatet eller vernetenesta, eller ei offentleg kontroll- og tilsynsmyndighet, før ein går ut til allmennheita.

Det vert vist til varslingsrutinane.

## **Diskriminering, mobbing, vald og truslar**

Vi skal ha ei bevisst haldning mot ei kvar form for diskriminering, mobbing, vald, truslar eller trakkassering – og vi forventar at alle tilsette og folkevalde bidreg til å verkeleggjere denne haldninga.

## **Leiaransvar**

Leiarar på alle nivå har eit særskild ansvar for å følgje og følgje opp dei etiske retningslinene, samt vidareformidle brot til kommunedirektør og personalsjef. Retningslinene skal gåast gjennom i dei ulike



einingane og utvala ein gang per år, og ved nyttilsettingar. Leiarar skal påsjå at alle tilsette underteiknar på at dei har lest og forstått kommunen sine etiske retningslinjer.

## **Personleg ansvar**

Tilsette og folkevalde har eit personleg og sjølvstendig ansvar for å følgje retningslinene. Tilsette må ta opp tvilstilfeller med sin nærmeste leiar. Som tilsett har ein rett til å nekte pålegg som er ulovlege eller medfører brot på dei etiske retningslinene.

Brot på dei etiske reglane kan, i tråd med personalreglementet, medføre konsekvensar for arbeidsforholdet.

## **Kontaktpersonar**

Folkevalde bør vende seg til ordførar i alle typar tvilstilfeller.

Kommunedirektør og personalsjef er kontaktpersonar for tilsette i spørsmål som gjeld desse retningslinene.

Retningslinene er vedtekne av kommunestyret 8.9.2022, sak 22/064.

